



4. klasse imponerte stort med innslaget sitt om jula i gamle dagar

- Dette gjekk jo strålende fint!

Orda kom frå rektor Vidar Haugland som punktum for juleavslutninga for skulen i Aktivitetshuset i kveld. Det er ikkje problematisk å vera samd med han, for det timelange programmet gjekk som på skinnar og vi noterte ikkje eit einaste feilskjær undervegs.



-Hu sitter der og gynger på en stor potet! 3. klasse framfører musevisa

Rektor berømna ikkje minst sjuande klasse som hadde "sturt heile festen", for igjen å nytta orda til Haugland. Han trakk her særleg fram Victoria Andersen Eik og Bente Halvorsen. Men utan forkleinelse for dei andre var det førsteklasingane som framfor nokon stjal hjarta våre med Lucia-prosesjon både som start og slutt.



5. klasse framførte eventyret om mannen som ikkje fekk sova på grunn av nissebråk.

Når det gjeld dei andre klassene sine prestasjoner, kjem ein ikke utanom 4. klasse som framførte eit imponerende innslag om jula slik den vart førebudd for over 100 år sidan. Lærer Svein Sunde hadde tydelegvis gjort ein stor jobb med tilretteleggjinga og elevane gjorde ikkje skam på ein god tekst. Ikkje minst fekk dei fram skilnaden på fattige og rike i ein jule-samanheng..



Tre danseglade sjuandeklassingar.

Men konklusjonen vart at dei rike var svært viljuge til å gje dei fattige noko av rikdommen sin i samband med jula. Også tradisjonar og skikkar vart skikkeleg illustrert i programmet der lysstøyparar, snikkarar og skomakarar jobba i kulissane.



2. klasse song to songar

2. klasse song og 3. klasse både song og dansa. Ein trio frå 7. klasse fekk stor applaus for ein sjølv laga dans. 5. klasse presenterte eventyret om mannen som ikkje fekk sova på grunn av nisse-bråk. Også 6.klasse hadde ei nisse-historie på lager.



1.klasse gav oss ei stor oppleving med Luciaprosesjon!

Det var matøkt i klasseromma før alle igjen samla seg til julepregang i Hallen og konklusjonen må bli at jula fekk ein skikkeleg introduksjon på skulen også dette året. Og neste år blir Dønhauglåven igjen arena...
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen